


PROAKTIV

Landbruks-eigedom på Indre Hafslo

95 daa dyrka jord

SVIGGO 65



Våre kontorer

TRØNDELAG

• **Trondheim**
Bassengbakken 4,
7069 Trondheim
Tlf.: 73 99 22 55
trondheim.sentrum@proaktiv.no

• **Heimdal**
Søbstadveien 1, 7088 Heimdal
Tlf.: 72 59 92 40
heimdal@proaktiv.no

• **Moholt**
Hans Baucks veg 1,
7033 Trondheim
Tlf.: 73 20 26 50
moholt@proaktiv.no

MØRE OG ROMSDAL

• **Ålesund**
Løvenvoldgata 7, 6002 Ålesund
Tlf.: 91 73 83 52
jon@proaktiv.no

VESTLAND

• **Småstrandgt.**
Småstrandgaten 6, 5014 Bergen
Tlf.: 55 36 40 40
proaktiv.bergen@proaktiv.no

• **Arna & Åsane**
Myrdalsvegen 22, 5130 Nyborg
Tlf.: 47 50 69 11
arna.aasane@proaktiv.no

• **Voss**
Vangsgata 16, 5700 Voss
Tlf.: 56 52 19 50
voss@proaktiv.no

• **Sogn**
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
Tlf.: 90 56 45 25
sogn@proaktiv.no

ROGALAND

• **Haugesund**
Haraldsgata 139, 5527 Haugesund
Tlf.: 90 84 36 56
haugesund@proaktiv.no

• **Stavanger**
Løkkeveien 52, 4008 Stavanger
Tlf.: 51 52 75 75
stavanger@proaktiv.no

• **Sandnes**
Langgata 3, 4306 Sandnes
Tlf.: 51 66 88 00
sandnes@proaktiv.no

• **Sola**
Solakrossen 13, 4050 Sola
Tlf.: 98 08 94 03
sola@proaktiv.no

• **Jæren**
Torgvegen 2, 4350 Kleppe
Tlf.: 51 48 22 00
jaeren@proaktiv.no

AGDER

• **KRISTIANSAND**
Fjellgata 4, 4612 Kristiansand
Tlf: 45 90 91 00
kristiansand@proaktiv.no

AKERSHUS

• **Lørenskog**
Rådmann Paulsens gate 28
1461 Lørenskog
Tlf.: 67 90 40 10
lorenskog@proaktiv.no

• **Lillestrøm**
Storgata 5A, 2001 Lillestrøm
Tlf.: 63 80 59 90
lillestrom@proaktiv.no

BUSKERUD

• **Drammen, Lier & Holmestrand**
Albums gate 15, 3016 Drammen
Tlf.: 97 74 42 47
drammen.lier@proaktiv.no

ØSTFOLD

• **Sarpsborg**
Torggata 8, 1707 Sarpsborg
Tlf: 69 12 60 60
borg@proaktiv.no



INDRE HAFSLO

Landbrukseigedom på Indre Hafslo med 95 daa dyrka jord | Driftsbygning | Våningshuset må rivast

Notater

NØKKEL-INFORMASJON



Adresse: Sviggo 65, 6873 MARIFJØRA

Gnr./Bnr.: Gnr. 101, bnr. 1, i Luster kommune

Prisantydning: 2.200.000,-

Omkostninger: 56.090,-

Totalpris: 2.256.090,-

Boligtype: Småbruk

Byggeår: 1820

BRA: 278 m²

BRA-i: 278 m²

Garasje/Parkering: Gode parkeringsmoglegheiter på eige tun.

Tomt: 747496 m²

Rom/soverom: 0/0

INNHOLD

3 Nøkkelinformasjon	5 Leder/megler	7 Nærområdet	12 Informasjon om boligen
18 Boligen i bilder	23 Skilleside	24 Kjerneinformasjon	31 Vedlegg

88
Budskjema

”

Eigedomsmeklar MNEF: **Bjarte Haugen**



Bjarte Haugen
Eigedomsmeklar MNEF
Mobil: 948 56 528
E-post: bjarte@proaktiv.no

AVDELING:
Proaktiv Sogn
Telefon: 90 56 45 25

EIN NY KVARDAG

Landbrukseigedom på Indre Hafslo med 95 daa dyrka jord | Driftsbygning | Våningshuset må rivast

Garden Sviggum ligg på Indre Hafslo i Luster Kommune og består av 6 gards- og bruksnummer.
Bygningane er våningshus, fjøs og eit stølshus.
Driftsgrunnlaget består av 95 daa dyrka jord, 123 daa innmarksbeite, 393 daa produktiv skog, 80 daa uproduktiv skog og 56,5 daa anna areal og tun.
Tidlegare var det mjølkeproduksjon på garden, men mjølkekvoten vart seld i 2010. I seinare år har det ikkje vore drift på eigedomen.
Eigedommen har bu- og driveplikt.
Ny eigar må søke konsesjon.

Våningshuset er i dag falleferdig og interessentar har ikkje lov til å gå nærmare enn 5 meter inntil huset. Det vil bli satt opp eit gjerde rundt huset.

Visning kun etter avtale med meklar.

Kontakt Bjarte Haugen på
mobil: 948 56 528
eller
epost: bjarte@proaktiv.no
for å avtale tid for synfaring.

«ALT SOM ER VERDT Å GJØRE,
ER VERDT Å GJØRES BRA.»

Lord Philip Chesterfield



SVIGGO 65

Kommune: *Luster /* ***Område:*** *Indre Hafslo*

Med ein ny bustad følgjer ei ny plassering. På mange måtar kjøper du òg det området rundt har å by på. Butikkar, turområde, avstand til skular og barnehagar, eller studiestader og kulturtilbod. Bur du på rett stad, har du det betre.

Beliggenheit

Garden Sviggum ligg på Indre Hafslo i Luster Kommune. Tunet på eigedomen finn ein ca 125 m.o.h. og med fint utsyn over grenda. Det er kort veg til tur- og friluftsområder.

Det er ca 2,5 km til bygdesentrumet med skule/barnehage og samfunnshus. Det er kort veg til tur- og friluftsområder. Eigedomen har enkel tilkomst med avkøyring frå den kommunale vegen Sviggo.

Det er 6 km til kommunesenteret Gaupne og 24 km til regionsenteret Sogndal. Begge stader med eit utvida tilbod av varer, tenester, jobbar og fritidsaktivitetar. Coop Prix Gaupne ligg 6 min unna, Spar Gaupne 7 min, Pyramiden Butikksenter 7 min og Ditt apotek Luster 7 min.



OFFENTLIG TRANSPORT

Geitaneset kryss Linje 200, 860	10 min 1 km
Sogndal lufthavn Haukåsen	36 min
Ålesund Lufthavn, Vigra	145.9 km

DAGLIGVARE

Coop Prix Gaupne Post i butikk, PostNord	6 min 6.1 km
Spar Gaupne	7 min

VARER/TJENESTER

Pyramiden Butikksenter	7 min
Ditt apotek Luster	7 min

SPORT

Josvanger ballbane Ballspill, fotball, sandvolleyball	3 min 2.3 km
Indre Hafslo ballbinge Ballspill	4 min 2.4 km
Luster Treningssenter	7 min
NEXT Hafslo	10 min



Nabolaget ditt!

Stedet du bor blir en del av deg



For barnefamiliar er det kort avstand til både skule og barnehage. Indre Hafslo oppvekstsenter skule (1-7 kl.) ligg 3 min / 2.3 km unna, og Indre Hafslo barnehage (1-5 år) ligg 3 min / 2.3 km unna. Luster ungdomsskule (8-10 kl.) ligg 8 min / 7 km unna. Gaupne barnehage ligg 7 min / 6.6 km unna.

Området har også fleire aktivitetstilbod i nærleiken. Josvanger ballbane med ballspill, fotball og sandvolleyball ligg 3 min / 2.3 km unna, og Indre Hafslo ballbinge ligg 4 min / 2.4 km unna. Luster Treningssenter ligg 7 min unna, medan NEXT Hafslo ligg 10 min unna.

Offentleg transport er tilgjengeleg frå Geitaneset kryss, 10 min / 1 km frå eigedomen, med linje 200 og 860. Sogndal lufthavn Haukåsen ligg 36 min unna.


Bebyggelse
Bygningane er våningshus, fjøs og eit stølshus.

Tilkomst
Eigedomen har enkel tilkomst med avkøyring frå den kommunale vegen Sviggo.

Barnehage/Skole/Fritid
Barnehager
Indre Hafslo barnehage - 3 min
Gaupne barnehage - 7 min
Gamlestova barnehage - 11 min

Skule

BOLIGMASSE





Indre Hafslo oppvekstsenter skule (Barneskole) - 3 min
Luster ungdomsskule (Ungdomsskole) - 8 min
Sogndal vidaregåande skule (Videregående skole) - 23 min
Årdal vidaregåande skule (Videregående skole) - 76 min

Sport og trening
Josvanger ballbane - 3 min kjøring
Ballspill, fotball, sandvolleyball
2.3 km

Indre Hafslo ballbinge - 4 min kjøring
Ballspill
2.4 km

Luster Treningssenter - 7 min kjøring
NEXT Hafslo - 10 min kjøring

Skulekrets
Luster

SKOLER

Indre Hafslo oppvekstsenter skule (1-7 kl.) 46 elever, 4 klasser	3 min 2.3 km
Luster ungdomsskule (8-10 kl.) 114 elever, 9 klasser	8 min 7 km
Sogndal vidaregåande skule 730 elever, 41 klasser	23 min 25.4 km
Årdal vidaregåande skule 286 elever, 17 klasser	1 t 16 min 78.7 km

BARNEHAGER

Indre Hafslo barnehage (1-5 år) 37 barn	3 min 2.3 km
Gaupne barnehage (1-5 år) 79 barn	7 min 6.6 km
Gamlestova barnehage (1-5 år) 47 barn	11 min 11.2 km







VELKOMMEN TIL SVIGGO 65

Parkering
Gode parkeringsmoglegheiter på eige tun.

Tomtestørrelse
747 496,00 m²

Beskrivelse av tomt
Raudlista arter og nasjonalarter:
Ved skogteigen i Sviggaskredene er det fleire markeringar for naturtypar. Det er ikkje kjend at desse uroar den daglege drifta av eigedomen i følgje vedlagt verditakst.

Sameieområder:
Garden sin andel i felles utmark er skjønnsmessig vurdert til ein verdi av kr 100 000,- Bruket har andel i sameiga gnr 101 bnr 37 som ligg på Sviggafjellet. I nord grensar sameiga til Dalamarki, i aust til bruka på Indre Eikjo, i sør til Molden og i vest til innmarka på Sviggum.
Sameiga er på totalt ca 2728 daa. Om ein legg markskylda for Sviggum totalt sett til grunn, har eigedomen til Arvid Sviggum (bnr 1, 7, 8
og 23) over 45 % andel av sameiga. Dette er opplysningar som må stadfestast/undersøkast nærmare.
I tillegg har bruket andel i felles utmark rundt stølen Brekka på Joranger. Her er andelen av felles utmark ukjend.

Støl:
På grunn av diverse tilkjøp av eigedom, har garden fleire stølar. Den opprinnelege fjellstølen var på Svolsete ca 725 m.o.h. i fjellet opp
mot Molden. Enklaste tilkomst i dag er å køyre til Oppheimshaugen og gå derifrå. Bruket skal ha hatt både sel og fjøs på staden, men kun
murane står igjen. Garden har og stølsrett på (Bruse)Brekka nordvest for Joranger. Selbøen ligg ca 630 m.o.h. og det er i dag
sommarbilveg heilt fram. I følgje bygdeboka for området, stod det framleis eit eldre sel med torvtak på staden tidleg på 2000-talet.
Fjøsen hadde då falle saman. I tilknytning til samme stølsretten, hadde bruket vårstøl på Ulvongo ca 460 m.o.h. og nærmare Joranger. Her står ingen stølshus igjen.

Veg:
Taksten legg til grunn at bruket har vegrett i den private grusvegen frå Opheim til Røyteholet/Midtstølen, samt det private vegnettet på
Sviggo. Det er ikkje kjend kor store andelene er i følgje vedlagt verditakst.

Jord og beite:
Avkastningsverdi på jorda er lagt til grunn. Heile garden er LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. 61,6 daa av jorda har ei helling på mellom 1:5 og 1:3, medan 47,1 daa er brattare enn 1:3. Det brattaste arealet er innmarksbeita. Det føreligg ikkje opplysningar om
grøftingsstatus på jorda. Ut frå stikkprøvar under synfaringa framstår jorda med stor trong for engfornying og ugrasbekjemping. Areala har ikkje vore drifta på fleire år og ny eigar må påreknе å drive engfornying på nesten alt arealet.
Jorda fordeler seg på 3-4 teigar i rimeleg nærheit av tunet. Dei 5 beiteteigane ligg kring tunet og i Sviggahagane.





Skog:
Det er utarbeida skogbruksplan for Sviggum (101/1). Planen er ruleg frå tidleg på 2000-talet. Det er ikkje kjend kor mykje skog som er
teke ut etter at planen vart laga. Skogbruksplanen opplyser om stående kubikkmasse på hhv. 869 m3 gran, 3884 m3 furu og 1050 m3
lauvskog. Gjennomsnittleg tilvekstprosent er på 4,0.
Vegdekninga i området er varierande. Det må truleg byggast meir traktorveg for å
kunne ta ut resterande kubikkmasse. Fordelinga mellom treslaga var 67 % furu, 15 % gran og 18 % lauvskog på planleggingstidspunktet. Fordelinga mellom hogstklassane syner i tabellen over. Arealet som syner produktiv skog i skogbruksplanen
og markslagsklassifiseringa i gardskartet stemmer ikkje overeins. Muligens kan noko skog vere omgjort til innmarksbeite etter at planen
vart laga. Eller at delar av sameiga vart teke med i skogbruksplanen for denne eigedomen. Pt. er det planar om å avvirke ca 1100 m3
hausten/vinteren 2026. Det er ukjend kor mykje pengar som står på skogfondet til garden. Det vert anbefalt å oppdatere skogbruksplanen etter at avvirking sesongen 2026/27 er avslutta.

Det føreligg ein DRIFTS OG TØMMEROMSETNINGSAVTALE med Fram Tre. sjå vedlegg i salsoppgava.
Det er noverande eigar som vil få alle inntekter frå denne avtalen. Det er også noverande eigar som har ansvar for utgiftene.
Planen er å hente ut tømmeret vinteren 2026/2027

Jakt og fiske:
Arealet på garden er opplyst å vere del av felles jaktvald 304 Sviggum. Teljande areal for valdet er på 5116 daa. Ut frå historisk arealkrav på staden, legg ein til grunn at 3 fellingsløyver teoretisk kan knyttast til dette bruket, inkludert andel i felles utmark. Taksten legg til grunn
at eit løyve årleg kan leigast ut for kr 5000,- Med bakgrunn i usikkerheit kring sjukdomstilstand, bestandsutvikling og årleg avskytingsprosent, vert kapitaliseringsrenta sett til 6 %.

TAKST OG TILSTAND

Byggemåte

Våningshus:
Bygningen er frå 1800-talet og står på gråsteinsmurar med jordkjellar under delar av huset.
Over bakkenivå er bygningen oppført av lafta tømmer med utvendig måla bordkledning i 2,5 etasjes høgde.
Takkonstruksjonen er av sperr og yttertaket er lagt med skifterstein på vestsida og raud teglstein på austsida.
Vatn og straum er fråkobla.
Huset har rasa delvis saman etter ein snøtyngdeskade for nokre år sidan.
Bygningen har i tillegg råteskadar og setningsskadar på grunnmur.

Fjøs:
Driftsbygningen er oppført i 1980 på samme stad som ein tidlegare fjøs. Bygningen står på plasstøypte betongmurar og etasjeskille er av betong. Veggene er oppført av bindingsverk, er isolerte etter byggetida sine krav og har utvendig måla bordkledning. Takkonstruksjonen over husdyrrommet er truleg av takstolar og yttertaket er lagt med stålplater. Taket er over tårnsiloane er oppført av sperretakstolar,
takåsar og yttertaket er lagt med stålplater og deffekte lysplater. I den sørlege enden er det oppført to tårnsiloar av betong. Siloane har
tilkomst via låvebru frå terrengnivå. Det er truleg gjødselkjellar under delar av husdyrrommet. I tillegg vart det bygd ein frittståande
gjødselkum ca 40 m vest for fjøsen, truleg på 1990-talet.

Bygningssakskyndig
Svein Arve Ruud (befaringsdato: Fredag, 14. november 2025)

Samandrag seljars eigenerklæring
Bustaden vart kjøpt i 1974.





SVIGGO 65

Innhald
Garden Sviggum ligg på Indre Hafslo i Luster Kommune og består av 6 gards- og bruksnummer. Bygningane er våningshus, fjøs og eit
stølshus.

Bygningane på garden er generelt i dårleg stand. Bustadhuset framstår med så store skadar at det må rivast og settast opp nytt hus på garden.
Driftsbygningen har noko restverdi, men det må påreknast store utbedringar og ombygging, alt etter kva driftsform som blir valgt
framover.
Stølshuset på Brekka må óg totalrenoverast, om det framleis står er det opplyst i vedlagt verditakst.

Oppsummert ventar det mykje arbeid og store kostnader når framtidig eigar skal sette i stand eigedomen og skape framtidig drift.
Ingen av bygningane på eigedomen er freda, men våningshuset er SEFRAK-registrert.

Driftsgrunnlaget består av 95 daa dyrka jord, 123 daa innmarksbeite, 393 daa produktiv skog, 80 daa uproduktiv skog og 56,5 daa
anna areal og tun. Tidlegare var det mjølkeproduksjon på garden, men mjølkekvoten vart seld i 2010. I seinare år har det ikkje vore drift på eigedomen.

Nabobruka driv med grasproduksjon og husdyrhald med sau og storfe. Jorda på bruket ligg fordelt i fleire teigar i rimeleg nærleik av gardstunet. Jordgrunnlaget ligg noko over middels storleik for gardsbruk i kommunen. Jorda er for tida i dårleg stand pga. manglande drift dei seinare år.

Ny eigar må påreke fornying av jordvegen. Skogen på bruket vart kartlagt for ca 25 år sidan, men skogbruksplanen har manglar i form av av det er teke med for mykje areal i høve dagens gardskart. Truleg står det framleis ein del furuskog, samt noko gran som er planlagd avvirka kommande vinter. Det bør absolutt lagast ny skogbruksplan for bruket, for å kunne planlegge framtidig avvirking og drift av areala.

Det må påreknast meir bygging av driftsvegar for å få ut tømmeret. Resten av skogen er vurdert til ved til eige bruk og noko salg.

Areal
Bruksareal:
1. etasje
BRA-i: 113 kvm
Total BRA: 113 kvm

2. etasje
BRA-i: 113 kvm
Total BRA: 113 kvm

3. etasje
BRA-i: 52 kvm
Total BRA: 52 kvm

Areala er oppgjevne av bygningssakkyndig på grunnlag av NS 3940 (2023). Eventuelle romnemningar er oppgjevne ut frå faktisk bruk, uavhengig av kva som er godkjent av





bygningsstyresmaktene. Vedlagde planteikningar er ikkje målbare.

Fjøs:
Omtrentleg grunnflate.

Fellesarealer og rettigheter til bruk
Bruket har andel i sameiga gnr 101 bnr 37 som ligg på Sviggafjellet.

Sameiga er på totalt ca 2 728 daa.

Om ein legg markskylda for Sviggum totalt sett til grunn, har eigedomen til Arvid Sviggum (bnr 1, 7, 8 og 23) over 45 % andel av sameiga.

I tillegg har bruket andel i felles utmark rundt stølen Brekka på Joranger.
Her er andelen av felles utmark ukjend.

Taksten legg til grunn at bruket har vegrett i den private grusvegen frå Opheim til Røyteholet/Midtstølen, samt det private vegnettet på Sviggo. Det er ikkje kjend kor store andelene er.

Andre verdier / rettigheter:
Sameieområder kr 100 000.
Andeler i fellesanlegg (vei, vanningsannlegg o.l.) kr 20 000.

Standard
Våningshus:
Våningshuset er oppført på 1800-talet og er i svært dårleg teknisk stand. Vatn og straum er fråkopla.
Bygningen har delvis rasa saman som følgje av ein skade etter stor snøbelastning for nokre år sidan. Det er i tillegg registrert råteskadar og setningsskadar i grunnmuren.
Bygningen vert vurdert som eit rivingsobjekt og må rivast.
All riving skal søkast. Merk at Våningshuset er sepfrak-registrert.

Fjøs:
Driftsbygningen er oppført i 1980 på samme stad som ein tidlegare fjøs.
1. etasje av driftsbygningen inneheld tankrom, mjølkerom og kontor i tillegg til husdyrrom innreia for storfehald med båsar og bingar. Under låvebrua i sør er det fôrsentral. 2. etasje inneheld låvebru med tilkomst til tårnsiloane, samt noko lagerareal. Det har ikkje vore vesentleg dyrehald i bygningen etter 2010, då mjølkeproduksjonen vart avvikla.



Etter år 2034 vil det ikkje lenger vere lovleg å halde storfe på bås. Bygningen treng soleis ei ombygging til lausdrift eller til anna dyreslag, alt etter kva ny eigar vel slags driftsform. Det må påreknast betydeleg oppgradering av bygningen. Gjødselkummen er ikkje tømt på mange år og det må påreknast tømming av denne, samt ettersyn av samanføyingar, armering m.m.

Info strømforbruk
Vi har ikkje motteke opplysningar om straum då straumen er fråkopla våningshuset.

Det er ikkje utarbeidd energiattest for våningshuset. Seljar opplyser at bygningen har omfattande skadar som følgje av stor snøbelastning, og at huset må rivast.

Hvitevarer
Det følgjer ikkje med kvitevarer i dette salet.

Modernisering og påkostninger
Våningshus:
1858: Tilbygg/ ombygging: Huset vart forlenga og heva.

KJERNEINFORMASJON

BESKRIVELSE AV EIENDOMMEN

Tomtestørrelse
747 496,00 m²

Beskrivelse av tomt
Raudlista arter og nasjonalarter:
Ved skogteigen i Sviggaskredene er det fleire markeringar for naturtypar. Det er ikkje kjend at desse uroar den daglege drifta av
eigedomen i følgje vedlagt verditakst.

Sameieområder:
Garden sin andel i felles utmark er skjønnsmessig vurdert til ein verdi av kr 100 000,- Bruket har andel i sameiga gnr 101 bnr 37 som ligg på Sviggafjellet. I nord grensar sameiga til Dalamarki, i aust til bruka på Indre Eikjo, i sør til Molden og i vest til innmarka på Sviggum.
Sameiga er på totalt ca 2728 daa. Om ein legg markskylda for Sviggum totalt sett til grunn, har eigedomen til Arvid Sviggum (bnr 1, 7, 8
og 23) over 45 % andel av sameiga. Dette er opplysningar som må stadfestast/undersøkast nærmare.
I tillegg har bruket andel i felles utmark rundt stølen Brekka på Joranger. Her er andelen av felles utmark ukjend.

Støl:
På grunn av diverse tilkjøp av eigedom, har garden fleire stølar. Den opprinnelege fjellstølen var på Svolsete ca 725 m.o.h. i fjellet opp
mot Molden. Enklaste tilkomst i dag er å køyre til Oppheimshaugen og gå derifrå. Bruket skal ha hatt både sel og fjøs på staden, men kun
murane står igjen. Garden har og stølsrett på (Bruse)Brekka nordvest for Joranger. Selbøen ligg ca 630 m.o.h. og det er i dag
sommarbilveg heilt fram. I følgje bygdeboka for området, stod det framleis eit eldre sel med torvtak på staden tidleg på 2000-talet.
Fjøsen hadde då falle saman. I tilknytning til samme stølsretten, hadde bruket vårstøl på Ulvongo ca 460 m.o.h. og nærmare Joranger. Her står ingen stølshus igjen.

Veg:
Taksten legg til grunn at bruket har vegrett i den private grusvegen frå Opheim til Røyteholet/Midtstølen, samt det private vegnettet på
Sviggo. Det er ikkje kjend kor store andelene er i følgje vedlagt verditakst.

Jord og beite:
Avkastningsverdi på jorda er lagt til grunn. Heile garden er LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. 61,6 daa av jorda har ei helling på mellom 1:5 og 1:3, medan 47,1 daa er brattare enn 1:3. Det brattaste arealet er innmarksbeita. Det føreligg ikkje opplysningar om
grøftingsstatus på jorda. Ut frå stikkprøvar under synfaringa framstår jorda med stor trong for engfornying og ugrasbekjemping. Areala har ikkje vore drifta på fleire år og ny eigar må påreke å drive engfornying på nesten alt arealet. Jorda fordeler seg på 3-4 teigar i rimeleg nærheit av tunet. Dei 5 beiteteigane ligg kring tunet og i Sviggahagane.



Skog:
Det er utarbeida skogbruksplan for Sviggum (101/1). Planen er ruleg frå tidleg på 2000-talet. Det er ikkje kjend kor mykje skog som er
teke ut etter at planen vart laga. Skogbruksplanen opplyser om stående kubikkmasse på hhv. 869 m3 gran, 3884 m3 furu og 1050 m3
lauvskog. Gjennomsnittleg tilvekstprosent er på 4,0.
Vegdekninga i området er varierande. Det må truleg byggast meir traktorveg for å
kunne ta ut resterande kubikkmasse. Fordelinga mellom treslaga var 67 % furu, 15 % gran og 18 % lauvskog på planleggingstidspunktet. Fordelinga mellom hogstklassane syner i tabellen over. Arealet som syner produktiv skog i skogbruksplanen
og markslagsklassifiseringa i gardskartet stemmer ikkje overeins. Muligens kan noko skog vere omgjort til innmarksbeite etter at planen
vart laga. Eller at delar av sameiga vart teke med i skogbruksplanen for denne eigedomen. Pt. er det planar om å avvirke ca 1100 m3
hausten/vinteren 2026. Det er ukjend kor mykje pengar som står på skogfondet til garden. Det vert anbefalt å oppdatere skogbruksplanen etter at avvirking sesongen 2026/27 er avslutta.

Det føreligg ein DRIFTS OG TØMMEROMSETNINGSAVTALE med Fram Tre. sjå vedlegg i salsoppgava.
Det er noverande eigar som vil få alle inntekter frå denne avtalen. Det er også noverande eigar som har ansvar for utgiftene.
Planen er å hente ut tømmeret vinteren 2026/2027

Jakt og fiske:
Arealet på garden er opplyst å vere del av felles jaktvald 304 Sviggum. Teljande areal for valdet er på 5116 daa. Ut frå historisk arealkrav på staden, legg ein til grunn at 3 fellingsløyver teoretisk kan knyttast til dette bruket, inkludert andel i felles utmark. Taksten legg til grunn
at eit løyve årleg kan leigast ut for kr 5000,- Med bakgrunn i usikkerheit kring sjukdomstilstand, bestandsutvikling og årleg avskytingsprosent, vert kapitaliseringsrenta sett til 6 %.

ØKONOMI

Info kommunale avgifter
Ny eigar må pårekne kommunale avgifter og gebyr til mellom anna vatn, avløp, renovasjon og feiing, der dette er aktuelt.

Luster kommune har per i dag ikkje eigedomsskatt.

Kjøpers ansvar for øvrige sameieres mislighold
For felles ansvar og forpliktelser hefter den enkelte sameier i forhold til sin sameiebrøk, jf. eierseksjonsloven § 30

Info formuesverdi
Stortinget har vedteke ein ny modell for berekning av formuesverdi for bustad. Den nye berekningsmodellen fastset bustadverdiar basert på grunnkrinsar i staden for kommunar, og skal nyttast frå og med inntektsåret 2026.
Dette kan medføre at marknadsverdien vert sett høgare eller lågare enn tidlegare, og inneber at både seljar og meklar kan nytte tal som ikkje nødvendigvis er oppdaterte på tidspunktet salsoppgåva vert utarbeidd.
Det vert difor teke atterhald om at formuesverdien kan verte endra og eventuelt auke ved endeleg fastsetjing i skatteåret.
For primærbustad utgjer formuesverdien 25 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi opp til kr 14 000 000, og deretter 70 % av den delen som overstig dette beløpet.
For sekundærbustad utgjer formuesverdien 100 % av berekna eller dokumentert marknadsverdi.

Andre utgifter

Kjøpar må pårekne faste og løpande utgifter til mellom anna straum, internett, innbuforsikring og kommunale avgifter. Storleiken på utgiftene vil variere etter forbruk og individuelle avtalar.

Diverse
- Teikningar:
Det føreligg ikkje teikningar for våningshuset.

- Driftseininga har eit skyldtal på 13.17 etter den gamle ordninga med matrikkelskyld. Ordninga forsvann i 1980 då "Delingslova" vart
innførd. "Skylda" vert framleis brukt i enkelte samanhengar som utrekning av fallrettar, for å finne eigarprosent i grunneigarlag osv.

- Jordleigeprisane i området ligg på mellom kr 0,- og kr 400,- for god jord nytta til grasproduksjon.

OFFENTLIGE FORHOLD

Ferdigattest/Midlertidig brukertillatelse
Det føreligg ikkje ferdigattest/mellombels bruksløyve for våningshuset.

Tinglyste heftelser og rettigheter
Sjå vedlagde grunnboksutskrifter for oversikt over tinglyste hefte og rettar som er registrerte på eigedomane, og som følgjer med ved overskøyting til ny heimelshavar.

Grunnboksutskriftene gjeld følgjande eigedomar:
Gnr. 101 bnr. 1
Gnr. 101 bnr. 8
Gnr. 96 bnr. 13
Gnr. 101 bnr. 7
Gnr. 101 bnr. 23
Gnr. 95 bnr. 17

Regulerings- og arealplaner
Alt areal på eigedomen er avsett som LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

Vei/Vann/Avløp
Eigedomen er tilknytta kommunalt anlegg for vatn (bygningane er for tida fråkobla vassverket).
Eigedomen har privat avløpsanlegg i form av septiktank med spreiegrøfter/sandfilteranlegg etter byggetida sine krav.

Kommunen kan kreve nytt gebyr for å kople seg på vatnet.

Legalpant
Kommunen har legalpant i eigedomen. Dette gjeld alle bebygde eigedomar i alle kommunar i Norge. På eigedomen kan det være tinglyst erklæringar/avtalar som for eksempel rett til kommunen til å anlegge vatn og kloakkleidningar inkl. reparasjon av desse. Bestemmelsar om bebyggelse, gjerder, adkomstrettigheter. Desse erklæringene/avtalene vil følge eigedomen ved sal og kan ikkje slettast.

Radonmåling
Delar av eigedomen ligg i følgjande områder med aktomheitsgrad i følgje vedlagt NGU radonkart:

Gnr. 101 Bnr. 1: Middels
Gnr. 101 Bnr. 8: Ikkje registrert
Gnr. 96 Bnr. 13: Høg
Gnr. 101 Bnr. 7: Middels
Gnr. 101: Bnr. 23: Middels
Gnr. 95 Bnr. 17: Høg

Adgang til utleie
Det er ikkje kjent at det ligg føre offentlegrettslege reglar som er til hinder for at heile eigedomen vert leigd ut.

Det er krav om forsvarlege radonnivå i utleigebustader. I dei tilfella der det ikkje særskilt er opplyst at seljar har kjennskap til radonnivået på eigedomen, må kjøparar som ønskjer å leige ut heile eller delar av eigedomen, vere særskilt merksame på at dei overtek ansvaret for den uvissa dette medfører.

Sjå http://www.nrpa.no for nærare informasjon.

Grunnboksdato
Mandag, 2. november 2026

Verneklasse/SEFRAK
Ingen bygningar på eigedomen er freda.
Kun ein bygning er SEFRAK-registrert: Våningshuset.
SEFRAK (SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminne i Noreg) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre kulturminne. SEFRAK-registreringa vart gjennomført som feltarbeid i åra 1975-1995. I Finnmark vart ståande bygningar bygde før 1945 registrerte, medan det for resten av landet vart registrert bygningar bygde før 1900. I alt er det registrert ca 515.000 einingar i SEFRAK-registeret.

Konsesjon
Eigedomen er konsesjonspliktig jfr. Konsesjonslova sin § 4 då den er bebygd og har meir enn 35 dekar (daa) full-/overflatedyrka jord og eit samla areal på meir enn 100 daa.
Konsesjonsplikta medfører at ein kjøpar må søke kommunen - der eigedomen ligg- om løyve
(konsesjon) til å få kjøpe og eige eigedomen. Ved eit fritt salg vil det vere priskontroll jf. Konsesjonslova sin § 9 og § 9 a samt rundskriv då eigedomen er bebygd med meir enn 35 daa full-/overflatedyrka jord. I slike tilfeller skal kommunen kontrollere om avtalt pris er innanfor regelverket i konsesjonslova med rundskriv. Viss kjøpar overtek i tråd av slektskap etter § 5 i konsesjonslova, er det ikkje priskontroll og
ein søker om konsesjonsfridom.

Eigedomen kan omsetjast fritt på den opne marknaden, men kjøpar må søke konsesjon. Kjøpar pliktar å søkje konsesjon på eiga rekning på eigedomen utan opphald etter aksept av bod.

Konsesjonsrisiko:
Seljar har risikoen for at det er avtalt for høy kjøpesum etter konsesjonsloven § 9 a.

Seljar kan i så fall fri seg frå avtalen ved skriftleg melding til meklar. Partane kan ikkje fremme krav mot kvarandre som følge av slik oppseiing av avtalen.

Konsesjonsnektelse inntreff når klagefristen for det opprinnelege konsesjonsvedtaket er utløpt utan at vedtaket er påklaga. Dersom vedtaket påklagast, og klageinstansen ikkje har omgjort vedtaket til fordel for klagar innan 6 månader etter at det påklaga vedtaket blir truffe er dette å betrakte som konsesjonsnektelse som utløyser tilsvarande rett til å frigjere seg frå avtalen.

Kjøper har risikoen for at konsesjon vert nekta med grunnlag i konsesjonslova øvrige bestemmelsar, herunder § 9 første ledd nr. 1- 4 eller § 9 andre til fjerde ledd.

Dersom konsesjon på dette grunnlag vert nekta, skal oppgjeret likevel gjennomførast, jf. eiendomsmeglingsforskriften § 6-5 (1), jf. eiendomsmeglingsloven § 6-9 (3), men då to månader etter at endeleg avslagsvedtak er truffe. Endeleg avslagsvedtak inneber at alle klagemulegheiter i forvaltninga er uttømt.

I staden for vilkåret om at kjøpars skøyte på eigedomen er tinglyst (punkt 4.1 annet ledd nr. 5) er det i desse tilfella eit vilkår for frigivelse av kjøpesummen at kjøpar har fått nødvendig sikkerheit for kjøpesummen gjennom tredjemannspant i eigedomen eller at det blir einigheit mellom partane om anna sikkerheit. Pantet vil få prioritet etter pant til fordel for kjøpars långivar. Seljar skal også utstede og tinglyse urådighetserklæring til fordel for kjøparen, jf. punkt 4.4 tredje ledd.

Seljar forpliktar seg til lojalt å medverke til at det vert etablert sikkerheit for kjøpesummen, eksempelvis gjennom å samtykke til tinglysing av kjøpars pantedokument på eigedomen, og at kjøpar kan disponere over eigedomen, blant anna gjennom vidaresal. Sjå for øvrig punkt 4.4 tredje ledd.

Seljar skal utstede generalfullmakt til kjøpar slik at han kan råde fritt over eigedomen.
Partane gir herved meklar fullmakt til å oversende kjøpekontrakten til forretningsførar og kjøpars bank ved forespørsel frå desse.

Merk at offentleg gebyr for søknad om konsesjon vil komma som tillegg.

Buplikt
Reglane om buplikt ligg i konsesjonslova sine § 5, 6 og 11. Det er lovpålagt buplikt (familiær) på eigedomen etter konsesjonslova sin § 5
andre ledd då den har meir enn 35 dekar (daa) full-/overflatedyrka jord og meir enn 500 daa produktiv skog. Den lovpålagde buplikta krev også at eigedomen har eller har hatt heilårs busetting dvs at det er eit bebueleg hus. Lovpålagd buplikt inntreffer når kjøpar kan overta konsesjonsfritt pga. slektskap § 5. Kjøpar må busette seg på eigedomen innan 1 år og bu der samanhengande i 5 år med folkeregisteradresse.
Viss ein ikkje ønskjer å busette seg eller ønskjer utsetting, må ein søke konsesjon med formål om fritak eller utsetting. Ein kjøpar kan i leggast buplikt som eit konsesjonsvilkår etter konsesjonslova sin § 11 ved eit konsesjonspliktig (fritt) salg dvs
utanfor definert familie.
Driftseininga på Sviggum har for tida ikkje bustadhus. Potensielle kjøparar bør ta kontakt med kommunen for å avklare korleis dette vil bli handtert i ein konsesjonssøknad.

Driveplikt
Driveplikta gjeld heile eigartida for alt jordbruksareal, jmfr. Jordlova §8.

Odelsrett
Ifølgje arealgrunnlaget på gardskart.nibio.no pr 21.08.2026, oppfyller eigedomen dagens arealkrav i Odelsloven jmfr. Odelslovens § 2
(meir enn 35 daa full- og overflatedyrka jord, eller meir enn 500 daa produktiv skog).

Dei odelsberettiga som me har vore i kontakt med har sagt frå seg odelsretten.

PRISANTYDNING INKLUDERT OMKOSTNINGER

Omk. kjøper beskrivelse
2 200 000,00 (Prisantydning)

_____
2 200 000,00 (Kontraktsum totalt)

Omkostninger

55 000,00 (Dokumentavgift)
545,00 (Tinglysningsgebyr pantedokument)
545,00 (Tinglysningsgebyr skjøte)

_____
56 090,00 (Omkostninger totalt)

_____
2 256 090,00 (Totalpris inkl. omkostninger)

_____

Vi gjer merksam på at totalsummen ovanfor er berekna med utgangspunkt i ein kjøpesum tilsvarande prisantydninga. Det vert teke atterhald om endringar i gebyr.

Betalingsbetingelser
Kjøpesummen med tillegg av omkostningar skal vere

disponibel på klientkontoen til meklar innan overtaking. Normalt inneber dette at fullt oppgjer må vere innbetalt på klientkontoen til meklar seinast to yrkedagar før avtalt overtakingsdato.

Eventuelle vilkår knytte til innbetalinga, til dømes pantedokument som skal tinglysast til fordel for banken til kjøpar, må vere meklar i hende i god tid før overtaking kan finne stad.

Kjøpesummen skal betalast inn frå norsk finansinstitusjon og/eller frå kjøpar sin konto i norsk finansinstitusjon. Eventuell eigenkapital skal betalast inn som éi samla innbetaling frå kjøpar sin eigen konto i norsk finansinstitusjon.

Alle eigedomsmeklingsføretak har lovpålagd forsikring av klientmidlar avgrensa oppover til kr 45 mill. Enkeltsaker er forsikra med inntil kr 15 mill. Dersom kjøpar sin låneinstitusjon krev tilleggsforsikring ved omsetning over kr 15 mill., må kjøpar sjølv eller kjøpar sin låneinstitusjon dekkje kostnadene knytte til dette.

Lovanvendelse
Generelle avtalevilkår
Eigedomen vert seld etter reglane i avhendingslova.

Salsoppgåva er basert på dei opplysningane seljar har gitt til meklar, den bygningssakkunnige sin tilstandsrapport, samt opplysningar innhenta frå kommunen, Kartverket og andre tilgjengelege kjelder. Seljar har godkjent salsoppgåva.

Det er viktig at kjøpar set seg grundig inn i alle salsdokumenta, mellom anna salsoppgåva, tilstandsrapporten og eigenerklæringa frå seljar. Kjøpar vert rekna for å kjenne til forhold som er tydeleg skildra i salsdokumenta, og slike forhold kan ikkje gjerast gjeldande som manglar. Dette gjeld uavhengig av om kjøpar har lese dokumenta. Alle interessentar vert oppmoda om å undersøkje eigedomen nøye, gjerne saman med ein fagkunnig, før bod vert gitt. Ein kjøpar som vel å kjøpe eigedomen usett, kan ikkje gjere gjeldande som mangel noko vedkomande burde ha vorte kjend med ved ei undersøking. Dersom det er behov for avklaringar, tilrår vi at interessentar rådfører seg med eigedomsmeklar eller eigne rådgjevarar før det vert lagt inn bod.

Ein bustad som har vore i bruk ei viss tid, vil vanlegvis ha vore utsett for slitasje, og skadar kan ha oppstått. Slik bruksslitasje må kjøpar rekne med, og det kan verte avdekt enkelte forhold etter overtaking som gjer utbetringar nødvendige. Normal slitasje og skadar som krev utbetring, er innanfor det kjøpar må forvente og vil ikkje utgjere ein mangel.

Rettane og pliktene til kjøpar og seljar vert regulerte av avtalen mellom partane, samt informasjonen som har vore tilgjengeleg for kjøpar i samband med handelen. Avtalen vert utfylt av avhendingslova, og det gjeld ulike avtalevilkår avhengig av om kjøpar er forbrukarkjøpar eller ikkje. Dette er nærare skildra nedanfor.

På grunn av ulike avtalevilkår kan seljar vurdere bod frå ein som ikkje er forbrukar, annleis enn bod frå ein forbrukar. Dersom kjøpar ikkje er forbrukar, er det moglege mangelsansvaret til seljar avgrensa fordi eigedomen vert seld «som han er». Seljar kan ikkje ta «som han er»-atterhald overfor ein forbrukarkjøpar. Sjølv eit lågare bod frå ein som ikkje er forbrukar, kan verte føretrekt fordi avgrensinga i mogleg mangelsansvar kan ha ein eigenverdi for seljar. Seljar står fritt til å forkaste eller akseptere eit kvart bod og er til dømes ikkje forplikta til å akseptere det høgaste bodet. Bodgivar skal i bodskjemaet gi eigenerklæring om bodgivar er forbrukar eller næringsdrivande/person som hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukarkjøp – definisjon
Med forbrukarkjøp meiner ein kjøp av eigedom når kjøparen er ein fysisk person som ikkje hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd.

Forbrukar – avtalevilkår
Eigedomen har ein mangel dersom han ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen, eller dersom det ligg føre brot på føresegnene i avhendingslova §§ 3-2 til 3-8. Dersom eigedomen ikkje er i samsvar med det kjøparen må kunne forvente ut frå alder, type og synleg tilstand, kan det vere grunnlag for mangelskrav.
Det same gjeld dersom opplysningar om eigedomen er haldne tilbake eller det er gitt uriktige opplysningar. Dette gjeld likevel berre dersom ein kan gå ut frå at det verka inn på avtalen at opplysninga ikkje vart gitt, eller dersom uriktige opplysningar ikkje vert retta i tide på ein tydeleg måte.
Bustaden kan ha ein mangel etter avhendingslova § 3-3 dersom det er avvik mellom opplyst og faktisk innvendig areal, føresett at avviket er på 2 % eller meir og minimum 1 m².
Ved berekning av eit eventuelt prisavslag eller erstatning må kjøpar sjølv dekkje tap/kostnader opp til eit beløp på kr 10 000 (eigendel).

Ikkje-forbrukar (næringsdrivande) – definisjon
Dersom kjøpar er ein juridisk person, eller ein fysisk person som hovudsakleg handlar som ledd i næringsverksemd, vert kjøpet ikkje rekna som eit forbrukarkjøp.

Ikkje-forbrukar – avtalevilkår
Eigedomen har ein mangel dersom han ikkje er i samsvar med krava som følgjer av avtalen. Eigedomen vert seld «som han er», og ansvaret til seljar utover det som konkret er avtalt, er då avgrensa etter avhendingslova § 3-9 første ledd andre punktum.

Avhendingslova § 3-3 andre ledd vert fråviken, og om arealsvikt ved bustaden utgjer ein mangel, vert vurdert etter avhendingslova § 3-8. Informasjonen om undersøkingsplikta til kjøpar, mellom anna oppmodinga om å undersøkje eigedomen nøye, gjeld òg for kjøparar som ikkje vert rekna som forbrukarar.

Interessentar og kjøpar må akseptere at seljar og meklar nyttar elektronisk kommunikasjon i salsprosessen.

Dersom kjøpar er utanlandsk statsborgar, er det krav om at vedkomande har eit såkalla D-nummer som erstatning for norsk fødselsnummer. Rekvisisjon av D-nummer må sendast til Kartverket samtidig med innsending av skøytet for tinglysing. Skøytet vert liggjande hos Kartverket fram til kjøpar har fått D-nummer frå Skatteetaten. Når Kartverket har motteke D-nummeret frå Skatteetaten, vert skøytet tinglyst.

Rekvisisjon av D-nummer i samband med tinglysing av skøyte vil ofte medføre at oppgjer og utbetaling til seljar vert forseinka med nokre veker. Kjøpar må i slike tilfelle anten ta atterhald i bodet om forseinka utbetaling til seljar, eller vere førebudd på å dekkje forseinkingsrenter til seljar. Kontakt ansvarleg meklar for informasjon før bodgiving.

ØVRIGE KJØPSFORHOLD

Overtakelse
Overtaking etter nærare avtale.
Kjøpar vert oppmoda om å opplyse om ønskja overtakingsdato ved bodgjeving.
Det vil som hovudregel ikkje vere høve til ny synfaring av eigedomen mellom aksept av bod og overtaking. Interessentar vert difor oppmoda til å ta naudsynte mål og undersøkingar i samband med vising.

Interessentar vert oppmoda om å opplyse om ønskja overtaking i bodskjemaet.
Skøytet vert sendt til tinglysing i samband med oppgjeret.
Oppgjer føreset at overtaking er gjennomført, og at partane har signert ein overtakingsprotokoll og sendt denne til oppgjersavdelinga slik det er avtalt i kontrakten.
Det er ein føresetnad at skøytet vert tinglyst i namnet til kjøpar.
Dersom interessentar mot formodning ikkje ønskjer tinglysing av skøytet, må det takast atterhald om dette i kjøpstilbodet.

Budgivning
Bod kan leggjast inn via knappen «Gi bud» i nettannonsen eller via heimesida. Ved elektronisk bodgiving kan bod leggjast inn trygt og enkelt med BankID. Meklar kan òg kontaktast for å få tilsendt bodskjema. Bodskjema ligg også i salsoppgåva.

All bodgiving må skje skriftleg. Ta kontakt med meklar dersom det er behov for hjelp til å gi bod.

Eigedomsmeklar skal leggje til rette for ei forsvarleg gjennomføring av bodrunden og kan ikkje vidareformidle bod med kortare akseptfrist enn kl. 12.00 første yrkedag etter siste annonserte vising. Etter kl. 11.30 tilrår vi ein akseptfrist på minimum 30 minutt.

Meklar kan ikkje formidle bod med atterhald om at bodet eller atterhald i bodet skal haldast skjult (hemmeleg) for andre bodgivarar og interessentar.

Meklar tek ikkje ansvar for forseinkingar på straum- eller telenettet. Under bodrunden kan akseptfristane kortast inn ved mottak av nye bod. Akseptfristen frå kjøpar er absolutt. Det inneber at dersom seljar vel å akseptere bodet, må kjøpar få melding om aksept innan akseptfristen går ut.

Dersom du ventar med å gi bod til tett opp mot akseptfristen, er det ein reell risiko for at eigedomen kan verte seld før bodet ditt kjem fram til meklar.

Boligselgerforsikring
Seljar har ikkje teikna bustadseljarforsikring.
Eigenerklæringsskjemaet til seljar følgjer likevel som vedlegg til salsoppgåva.

Boligkjøperforsikring
Mange kjøparar har høve til å teikne bustadkjøparforsikring.
Vedlagt salsoppgåva følgjer informasjon om bustadkjøparforsikring frå Söderberg & Partners.

Bustadkjøparforsikring er ei rettshjelpsforsikring som gir tryggleik og profesjonell juridisk hjelp dersom det vert oppdaga uventa feil eller manglar ved bustaden dei neste fem åra.

Les meir om bustadkjøparforsikring i det vedlagde materiellet eller på nettsida til Söderberg & Partners.

Innbo og løsøre
Takstmann har utarbeida ei prisliste på maskiner og utstyr som ligg vedlagt i salsoppgava.
Det er kjøpar som får førsterett til å kjøpe utstyret.

Anna lausøre som befinn seg på eigedommen følgjer med.
Eigendommen blir overlevert slik den framstår ved visning.

Eier
Arvid Konrad Sviggum v/fullmektig

Tilbud på lånefinansiering
Vi bistår gjerne med å etablere kontakt med ulike banker, men vi har ingen fast bankforbindelse som vi benytter. Vi mener at vilkårene i ulike finansinstitusjoner varierer fra kundegruppe til kundegruppe, og kan derfor ikke anbefale en bestemt bank, men hjelper mer enn gjerne med å finne en bank som kan tilby deg gode lånevilkår.

Meglers vederlag
Proaktiv Gruppen AS og eiendomsmeglingsforetakene som er tilknyttet Proaktiv har samarbeid med forskjellige foretak som tilbyr forbrukerne produkter eller tjenester i forbindelse med et salgsoppdrag. Våre samarbeidspartnere er: Søderberg & Partners AS - formidler av boligkjøperforsikring, Gjensidige - formidler av boligselgerforsikring, Meglerfront - leverandør av

digitale oppgjørsskjemaer og overtakelsesprotokoller som også inneholder tilbud til forbruker om tilpassede strøm-, internett - og alarmtjenester, Vend Marketplaces AS og Bomega AS - markedsplasser på nett, Schibsted - markedsføring i SOME, Eiendomsverdi - formidler av nabolagsprofiler. Hvilke produkter/ tjenester kjøper og selger får i forbindelse med oppdraget, kan variere ut fra hvor i landet eiendommen ligger.

Personopplysningsloven
Vi gjer merksam på at vi lagrar personopplysningar om interessentar, bodgjevarar og kjøparar. Vidare opplyser vi om at høvet til å få sletta eigne personopplysningar er avgrensa, som følgje av at eigedomsmeklarføretak har plikt til å oppbevare kontraktar og dokument i minst 10 år, jf. eigedomsmeklingsforskrifta.

Du kan lese meir om korleis vi behandlar personopplysningar i personvernerklæringa vår på https://proaktiv.no/personvernerklæring.

Hvitvaskingsreglene
Det følgjer av lov om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering at meklarføretaket er forplikta til å gjennomføre kundetiltak overfor begge partane i handelen. For oppdragsgivar skjer dette i samband med inngåing av oppdraget, og for kjøpar ved kontraktsinngåing.
Dersom slik kundekontroll ikkje kan gjennomførast, er meklarføretaket pålagt å avstå frå å gjennomføre oppgjeret. Partane er sjølve ansvarlege for eventuelle kostnader og ansvar dette kan medføre, utan at det kan gjerast gjeldande kontraktsrettsleg ansvar overfor meklarføretaket.

Vedlegg til salgsoppgave
Vedlegga er ein del av den komplette salsoppgåva. Det er viktig at interessentar set seg grundig inn i vedlegga og kontaktar meklar dersom dei har spørsmål, før bod vert gitt.

Dato salgsoppgave
13.11.2026

VEDLEGG

«Det finnes ingen kunnskap som ikke er verdifull.»

-Edmund Burke

EGENERKLÆRINGSSKJEMA

Til orientering vil dette skjema være en del av salgsoppgaven

Meglerfirma: Proaktiv Meklerhuset Sogn — Oppdragsnr.: 116026 0072

Adresse: SVIGGO 65

Postnr. ____ Sted ____

Når kjøpte du boligen? 1974 Hvor lenge har du bodd i boligen? 52 År ____ Mnd

Har du bodd boligen siste 12 mnd? ☐ Nei ☑ Ja

I hvilket forsikringsselskap har du tegnet villa/husforsikring? ____ Polise/avtalenr. ____

Selger 1 Fornavn: ARVID KOURAD Etternavn: SVIGGUM v Fullmektig OLE JAN SUNDEXXN

Selger 2 Fornavn: ____ Etternavn: ____

SPØRSMÅL FOR ALLE TYPER EIENDOMMER (spørsmål som besvares med «Ja», skal beskrives nærmere i «Beskrivelse»)

1. **Kjenner du til om det er/har vært feil tilknyttet våtrommene, f.eks. sprekker, lekkasje, råte, lukt ellersoppskader?**
   ☑ Nei ☐ Ja Beskrivelse ____
2. **Kjenner du til om det er utført arbeid på bad/våtrom? Hvis nei, gå til punkt 3.**
   ☑ Nei ☐ Ja Beskrivelse ____
   - 2.1 **Redegjør for årstallet og hva som ble gjort:**
     Beskrivelse ____
   - 2.2 **Ble tettesjikt/membran/sluk oppgradert/fornyet?**
     ☐ Nei ☐ Ja Beskrivelse ____
   - 2.3 **Hvem er arbeidet utført av? Eventuelt firmanavn og navn på håndverker opplyses.**
     Beskrivelse ____
   - 2.4 **Er arbeidet, eller deler av arbeidet, utført av ufaglært eller ved egeninnsats/dugnad?**
     ☐ Nei ☐ Ja Beskrivelse ____
   - 2.5 **Er forholdet byggemeldt?** ☐ Nei ☐ Ja
3. **Kjenner du til om det er/har vært tilbakeslag av avløpsvann i sluk eller lignende?**
   ☑ Nei ☐ Ja Beskrivelse ____
4. **Kjenner du til om det er feil ved/utført arbeid/eller vært kontroll på vann/avløp? Hvis nei, gå videre til punkt 5.**
   ☑ Nei ☐ Ja Beskrivelse ____

Initialer selger: Initialer kjøper (ved oppgjørsoppdrag): 1

4.1 Er arbeidet utført av ufaglært eller ved egeninnsats/dugnad?

☐ Nei ☐ Ja Beskrivelse

4.2 Hvem er arbeidet utført av? Eventuelt firmanavn og navn på håndverker opplyses.

Beskrivelse

5. Kjenner du til om det er/har vært problemer med drenering, fuktinnsig, øvrig fukt eller fuktmerker i underetasjen/kjellere?

☒ Nei ☐ Ja Beskrivelse

6. Kjenner du til om det er/har vært problemer med ildsted/skorstein/pipe, f.eks. dårlig trekk, sprekker, pålegg, fyringsforbud ellerlignende?

☒ Nei ☐ Ja Beskrivelse

7. Kjenner du til om det er/har vært f.eks. sprekker i mur, skjeve gulv eller lignende?

☒ Nei ☐ Ja Beskrivelse

8. Kjenner du til om det er/har vært sopp/råteskader/insekter eller skadedyr i boligen som: rotter, mus, maur ellerlignende?

☒ Nei ☐ Ja Beskrivelse

